

Utdannings- og forskingsdepartementet
postmottak@ufd.no

Dykkar journalnummer 200500144

Oslo, 24. februar 2003

HØRINGSFRÅSEGN TIL ”STRATEGI FOR DIGITALE LÆRINGSRESSURSER 2005-2008”

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har følgjande fråsegn å kome med til ovannemnde strategiar:

I innleiinga til strateginotatet frå Utdanningsdirektoratet om dei digitale læringsressursane i grunnopplæringa er det sitert frå eNorge 2005, side 20:

Strategi for digitale læringsressurser. Side: 1

• *sikre bruk og utvikling av norsk (både bokmål og nynorsk) og samisk språk i en verden som blir stadig mer preget av angloamerikansk kultur.*

Vi tolkar det slik at dette er overordna for heile strategien som er presentert.

Dersom dette er tilfelle, vil det vere naudsynt uttrykkeleg å avgrense området for strategien om den ikkje skal gjelde for meir enn læremiddel. Ei avgrensing er etter vår meining ikkje naturleg då det er langt enklare å produsere digitale læringsressursar på begge dei offisielle målformene i Noreg enn t.d. i papirbaserte læremiddel.

For å oppnå denne strategien, er det etter vår meining naudsynt å utvikle strategiar for t.d. tekniske løysingar som sikrar opplegg for språkversjonering. Det er dessutan naudsynt på kvart område å sjå på kva utfordringar denne overordna strategien fører med seg for å sikre reell likestilling med dei to offisielle målformene. Det gjeld sjølvsagt ikkje berre for grunnopplæringa.

Infrastruktur

Med dei røynslene læremiddelforlaga har til no når det gjeld den kompetansen skolane og lærarane har og terskelnivået i bruken av digitale læringsressursar, kan vi ikkje sterkt nok få understreka at FEIDE-prosjektet (pkt 2.2.3) må gjerast ferdig raskast mogleg. Ei identifiserings- og autentiseringsløyising ville lette situasjonen vesentleg for både brukarane og innhaldsutviklarane. Det same gjeld opplegget for språkversjonering.

Tilhøvet mellom digitale og analoge læringsressursar

Eit samspel mellom digitale og analoge læremiddel gir variasjon, fleksibilitet og det legg til rette for likeverdig opplæring. Strategiplanen omtalar tilhøvet mellom dei to typane læringsressursar slik:

2 Strategiområder

”En økt bruk av digitale læringsressurser kan ikke utelukkende forventes å komme i tillegg til eksisterende bruk av analoge læringsressurser”

”2.1.3 Bruk og etterspørsel

Dersom digitale læringsressurser skal få en utvidet plass både i skolens pedagogiske praksis og i budsjettprioriteringene, må sannsynligvis læreboka vike tilsvarende begge steder.”

”3.2 b

At digitale læringsressurser vinner terreng fra læreboka betyr ikke nødvendigvis at læreboka forkastes. Det kan også innebære at læreboka blir tynnere og kombineres med digitale læringsressurser.”

Digitale ressursar bør ikkje fortrenge analoge ressursar berre fordi dei er digitale, men brukast på måtar som gir auka pedagogisk gevinst. Når tilfanget på ulike undervisningsressursar aukar, aukar også moglegheitene for individuell tilpassing. Det fell difor ikkje naturleg å ha som føresetnad, eller å ha som mål, at bruk av analoge ressursar skal reduserast.

Strategiplanen bør peike på korleis skolane konkret kan jobbe med digitale ressursar. Kva ressursar er det ønskjeleg at skolane tek i bruk, og kva pedagogisk potensiale har desse ressursane?

Tilpassa opplæring

Omsynet til **tilpassa opplæring** og omsynet til ulike **læringsstilar** kan takast ivare på nye og effektive måtar gjennom digitale læringsressursar. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget vil understreke at den type digitale læringsressursar vi her snakkar om, er spesielt ressurskrevjande både når det gjeld pedagogisk ekspertise og utviklingskostnader. Dersom dei digitale læringsressursane skal representere ein meirverdi og ein komplementær storleik til boka, eit syn vi støttar, krev det eit breitt spekter av kompetanse i utviklingsprosessen.

Å digitalisere nasjonalarven

Å digitalisere nasjonalarven er eit svært viktig arbeid. Dette arbeidet har også andre sider enn å gjere innhaldet tilgjengeleg for undervisningsføremål. Strategidokumentet bør innehalde konkrete døme på korleis denne typen materiale kan brukast i undervisninga. Å gjere tekster tilgjengelege er ikkje det same som at tekstene er pedagogisk tilrettelagde. Skolane brukar biblioteka, men dei brukar læremiddel til å organisere lærestoffet. Før slike læringsressursar blir tekne i bruk, må dei utformast slik at dei passar inn i fag, pedagogiske metodar, klassetrinn osv. Eit døme kan vere databasar over historisk kjeldemateriale.

Med vennleg helsing

LITTERATURSELKAPET DET NORSKE SAMLAGET

Kjellbjørg Lunde
Styreleiar

Nina Refseth
sekretær for styret